



Fjord kommune

Bustadsosial handlingsplan

2023-2032



Foto: Kristi Linge Stakkestad

***Fjord kommune sin visjon i samfunnsdelen:
God vekstvilkår, livskraftig, skapande, nær, raus, berekraftig***

Innhald

1.	Innleiing	2
1.1	Om bustadsosial plan for Fjord kommune	2
	Arbeidsgruppe	2
1.2	Om bustadsosialt arbeid.....	3
	Kven er vanskelegstilte i bustadmarknaden?.....	3
2.	Nasjonale og lokale føringar for arbeidet.....	4
2.1	«Alle trenger et trygt hjem. Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024»	4
2.2	Kommuneplanen sin samfunnsdel	6
2.3	Lovgrunnlag	7
2.4	Husbanken sine verkemiddel	8
3.	Fjord kommune i dag og framover	9
3.1	Bustadmarknad og busetting	9
3.2	Utvikling i demografi	9
	3.2.1 Framskrive tal innbyggjarar fordelt på aldersgrupper	10
	3.2.2 Utvikling i tal innbyggjarar sett i høve til 2022.....	10
	3.2.3 Befolkning etter grunnkrets delt opp i bustadområda Stordal/Dyrkorn, Valldal, Tafjord/Fjøra og Norddal/Eidsdal.....	10
4.	Kommunale bustadar	11
4.1	Kommunale bustadar pr. juni 2022.....	11
4.2	Bemanna omsorgsbustadar.....	11
5.	Handlingsprogram for planperioden.....	12
6.	Rullering.....	14
7.	Kjelder.....	14

1. Innleiing

1.1 Om bustadsosial plan for Fjord kommune

Bustadsosialt arbeid er ei av oppgåvene til kommunen. Husbanken har lagt føringar om at kommunane bør ha plan for det bustadsosiale arbeidsområdet. Regjeringa har i forslag til ny bustadsosial lov (1) styrka kommunen sitt ansvar i det bustadsosiale arbeidet.

Fjord kommune sin planstrategi klargjer at kommunen skal ha ein bustadsosial plan. Fjord kommune har ikkje hatt ein bustadsosial plan etter at kommunen vart etablert i 2020. Bustadsosial plan for Fjord kommune må sjåast i samanheng med delplan for Helse, omsorg og velferd. Personar som treng støtte innanfor det bustadsosiale feltet er gjerne også brukarar av helse-og omsorgstenester. Å bu i ein eigna bustad vil vere eit element i ei innsatstrapp for å gi tilpassa helse- og omsorgstenester ut frå den enkelte sine behov. Kommunen vil ha ein sterk auke i personar som treng heildøgns omsorg i åra framover, og det må planleggast for å møte dette behovet.

Målet med planen er å få oversyn over behovet og skissere tiltak som kan medverke til ein målretta innsats overfor gruppene som treng hjelp innanfor den bustadsosiale området.

Arbeidet med plandokumentet har vore organisert gjennom ei arbeidsgruppe. Undervegs har det vore prosessar med innspel og høyringar av Fjord eldreråd, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Fjord ungdomsråd. Brukarorganisasjonane er viktige dialogpartnarar i det vidare arbeidet.

Arbeidsgruppe

- Olav Løvoll (Fjord eldreråd)
- Arne Krohn (økonomisjef)
- Anna Birgitt Myklebust (Leiar Fjord habilitering)
- Jan-Ove Gravdal (Kommunalsjef helse omsorg og velferd)
- Trond Alstadsæter (leiar drift teknisk sektor)

1.2 Om bustadsosialt arbeid

Bustad er eit grunnleggjande velferdsgode, og kommunane har ansvar for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. I forslag til lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet, er dette ansvaret styrka (1).

Det er to hovudpilarar i bustadsosialt arbeid;

- a) Skaffe eigna bustadar i gode bu-miljø for vanskelegstilte husstandar
- b) Gje tenester som kan hjelpe vanskelegstilte til å meistre å bu og behalde bustaden

«Gode vekstvilkår» er visjonen til Fjord kommune. Kommunen ynskjer å ha eit sosialt og berekraftig lokalsamfunn som er prega av tillit. Det skal vere tilgang på ulike bustader for alle livsfasar. Vi skal legge særleg vekt på at eldre skal kunne bu heime så lenge dei kan og at yngre skal finne eigna bustad. Du skal vere trygg, kjenne at du høyrer til, og ha tilgang til gode som arbeid, utdanning og gode arbeidsmiljø (jf. kommuneplanen sin samfunnsdel).

Bustaden er ei ramme for det sosiale livet vårt og gir oss kjensla av å høyre til i lokalsamfunnet og nærmiljøet. Nokre grupper av innbyggjarar vil ha utfordringar med å etablere seg i gode og trygge bumiljø. Det bustadsosiale arbeidet skal støtte opp under at fleire av desse gruppene skal få gode bustadtilhøve.

Kven er vanskelegstilte i bustadmarknaden?

Vanskelegstilte i bustadmarknaden er ikkje ei bestemt gruppe, men eit omgrep som vert nytta om personar og familiar som slit med å få dekt bustadbehova sine. Ein definerer vanskelegstilte på bustadmarknaden som dei som ikkje sjølv er i stand til å skaffe seg eller behalde ein eigna bustad, og som er i ein av følgjande situasjonar:

- a) Er utan bustad
- b) Står i fare for å miste bustaden sin
- c) Bor i ueigna bustad eller bumiljø

Nokre er vanskelegstilte i en kort periode og treng berre rettleiing eller økonomisk hjelp til å forbetre busituasjonen sin. Andre treng omfattande oppfølging og støtte over lang tid for å meistre butilhøvet. Personar som har utfordringar finn ein gjerne i desse gruppene

- Vanskelegstilte ungdom i etableringsfasen
- Menneske med psykiske lidingar
- Menneske med rusproblem
- Eldre med utfordringar på bustadmarknaden
- Menneske med nedsett funksjonsevne
- Aleineforsørgjarar
- Dei som er ramma av barnefattigdom
- Personar som er ramma av fattigdom eller har svak økonomi

Ansaret og oppgåvene i det bustadsosiale arbeidet er i dag fordelt på fleire sektorar og forvaltningsnivå.

Kommunen har hovudansvaret for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. Staten skal gi god støtte i arbeidet. Frivillige og ideelle organisasjonar er viktige samarbeidspartnarar, i tillegg skal brukarar og pårørande involverast. Private utbyggjarar har dei siste åra teke ei viktig rolle i dette feltet ved å etablere fleire utleigebustadar. Ein del av desse prosjekta blir gjennomført i samarbeid med kommunane.

2. Nasjonale og lokale føringar for arbeidet

2.1 «Alle trenger et trygt hjem. Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024»

Målet for norsk bustadpolitikk er at alle skal bu godt og trygt. Nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken 2021-2024 prioriterer desse måla:

- **Fleire skal eige eigen bustad**
- **Leige skal vere eit trygt alternativ**
- **Sosial berekraft i bustadpolitikken**
- **Tydelege roller, og nødvendig kunnskap og kompetanse**

Innsatsen i bustadpolitikken skal vere felles mellom fleire instansar som kommune, Husbanken, Statsforvaltaren, frivillig sektor og ideelle organisasjonar og private eigedomsutviklarar. For å nå dei sentrale måla kan instansane nytte fleire arbeidsmetodar.

Mål 1: Fleire skal eige egen bustad

- Prioritere arbeid med startlån
- Prioritere barnefamiliar
- Leige-til-eige -modellar i samarbeid med private utbyggjarar
- Målretta sparing til bustad for ungdom som ikkje eig eigen bustad

Mål 2: Leige skal vere eit trygt alternativ

- Styrke bustønad til barnefamiliar og andre med låge inntekter og høge bu-utgifter
- Styrke tilbodet om bustad til personar med rusproblem og/eller psykiske lidingar
- Stille kommunal bustad til disposisjon i spesielle tilfelle

Mål 3: Sosial berekraft i bustadpolitikken

- Bustad og velferd skal integrerast i alle ledd i kommuneplanlegginga. Det skal leggjast til rette for nok bustadar i gode bumiljø til alle.
- Framtidige omsorgstenester vil i aukande grad rettast inn mot meistring, oppfølging og tenester i heimen. Denne utviklinga set krav til bustadane og det bør difor leggjast til rette for ein aldersvennleg bustadpolitikk. Særleg utfordrande i område med spreidd busetnad, eldre befolkning og låg bustadbygging.

Mål 4: Tydelege roller, og nødvendig kunnskap og kompetanse

- Kommunane har hovudansvaret for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. Regjeringa har forslått å styrke dette i ei ny bustadsosial lov.
- Arbeidet innanfor området er ulikt organisert i kommunane.

I Husbanken sin strategi «Bolig for velferd»(2) har kommunar og statlege etatar jobba fram seks føresetnadar for å ha suksess i det bustadsosiale arbeidet:

1. Forankring og leiarskap
2. Overordna strategi
3. Organisering og samordning
4. Økonomiske ressursar
5. Brukarmedverknad

Ingen skal vere bustadlause

Talet på bustadlause personar i Norge har blitt redusert dei siste åra, men det er framleis mange som står i fare for å kome i denne situasjonen. I denne gruppa finst det mange personar med vedvarande og samansette problem, der det å vere avhengig av rus og ha psykiske lidningar ofte er utfordringane. For å hjelpe denne gruppa over i ein stabil bustadsituasjon er det viktig at bustad og andre tenester vert samordna.

Barn og unge skal ha gode butilhøve

Barn og unge blir utsett for ekstra store belastningar av dårlege butilhøve. Om familien flyttar ofte kan det føre til at barn blir rotlause og manglar kjensla av å høyre til ein stad. Dette gjer det det også vanskeleg å byggje og halde på nettverk i skule og fritid. Butilhøva kan også medverke til helseproblem, svake skuleresultat og låg arbeidstilknytning seinare i livet.

Personar med nedsett funksjonsevne

Menneske med nedsett funksjonsevne er ei samansett gruppe med ulike utfordringar. Det blir sett krav til tilgjenge og universell utforming i byggt teknisk forskrift. Målet er at nye bustadar og bygg skal kunne nyttast av alle uavhengig av funksjonsevne. Innanfor gruppa med nedsett funksjonsevne ser regjeringa behov for å rette ein særleg innsats mot personar med utviklings-hemming. Utviklingshemming er ei samlebeskriving for ulike diagnoser og tilstandar som er knytt til kognitive, språklege og sosiale vanskar. I denne gruppa er det få som eig eigen bustad. Menneske med nedsett funksjonsevne skal på lik linje med andre kunne velje kvar og korleis dei skal bu.

Fattigdom/svak økonomi

Personleg økonomi har avgjerande tyding for å kunne skaffe seg eigen bustad. Husstandar med låg inntekt er meir utsett for å bli vanskelegstilt på bustadmarknaden enn andre. Finansieringspakke og fleksible lånevilkår etter individuell vurdering er avgjerande for at vanskelegstilte kan kjøpe og behalde bustad. Dette kan vere tilskot til etablering, lengre nedbetalingstid eller lengre fastrenteavtalar. Kommunen må alltid vurdere kva som er økonomisk forsvarleg for kvar situasjon.

Barnefattigdom

Det er viktig å sjå «den raude tråden» og samanhangen mellom barnefattigdom, bustadsosialt arbeid og dei andre satsingsområda.

Aleineforsørgjarar/familiar med ein forsørgjar

Aleineforsørgjarar/familiar med berre ei arbeidsinntekt er ofte husstandar som ligg under fattigdomsgrensa. Den økonomiske situasjonen knytt til inntekter, leigeutgifter og bustadsosiale verkemiddel er hovudutfordringa for å fremme ei god utvikling, sunn samfunnsdeltaking og integrering for denne gruppa.

2.2 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen til Fjord har nedfelt visjon og mål for kommunen (3). Fjord kommune sin visjon «Gode vekstvilkår» er eit ønskje om vekst på mange samfunnsområde, og visjonen peikar på fleire kvalitetar vi ønskjer skal prege kommunen vår:

Livskraftig
Nær
Berekraftig

Skapande
Raus

Det er vedteke fire mål for utviklinga av Fjord som samfunn og kommuneorganisasjon:

1. Vidareutvikle det gode livet
2. Arbeide saman om ei balansert forvaltning av naturen.
3. Skape gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv – miljømessig, sosialt og økonomisk
4. Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester

FN sine berekraftsmål

Fjord kommune har gjennom prosessen med kommuneplanen sin samfunnsdel valt å ha spesielt fokus på berekraftsmål 1, 3, og 17



2.3 Lovgrunnlag

- **Lov om folkehelsearbeid.** Folkehelsearbeidet skal fremme befolkninga si helse og trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold, og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding. § 5 har krav om at kommunen skal ha ansvar for å ha oversikt over helsetilstand til befolkninga og faktorar som verkar inn. Bustad er ein av faktorane som er nemnt (§7).
- **Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga** skal bidra til at den enkelte skal leve og bu sjølvstendig. § 15 seier at kommunen skal medverke til å skaffe bustadar til vanskelegstilte personar som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden. NAV-kontoret er forplikta til å skaffe midlertidig bu-tilbod til som ikkje klarar det sjølv (§ 27).
- **Lov om planlegging og byggesaksbehandling** skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Lova skal bidra til god bumiljø og gode oppvekst- og levekår i alle delar av landet.
- **Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester.** Kommunen skal medverke til å skaffe bustadar til *personar som ikkje sjølv kan ta vare på interessene sine* på bustadmarknaden. Her under særskilt tilpassa bustadar med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunna av alder, funksjonshemming eller andre årsaker (§3-7)
- **Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet**
- Andre lover med relevans for det bustadsosiale arbeidet i kommunane:
 - Barnevernloven § 4-4
 - Husleieloven
 - Plan- og bygningsloven
 - Straffegjennomføringsloven § 4-1

2.4 Husbanken sine verkemiddel

- **Bustøtte** skal sikre personar og husstandar med låge inntekter og høge bu-utgifter eigna bustad.
- **Tilskot til bustadsosialt arbeid** skal bidra til å heve kompetansen og utvikle og formidle kunnskap om bustadmarknaden og offentleg bustadpolitikk.
- **Grunnlån til bustadsosiale formål** skal finansiere utleigebustadar til vanskelegstilte. Grunnlånet er retta mot ulike type søkarar, både enkeltpersonar, kommunar, utbyggjar og andre aktørar.
- **Startlån** skal bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde den. Kommunane tildeler startlånet. Ein kan få lån til både kjøp av bustad og til refinansiering.
- **Tilskot til utleigebustadar** skal bidra til fleire eigna utleigebustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden.
- **Tilskot til heis** kan ytast til eigarar av eksisterande bustadar med minst tre etasjar. Ein kan få tilskot til konsulenthjelp for prosjektering av heis og kostnadsoverslag for installering av heis, og til installering av heis.
- **Tilskot til tilstandsvurdering** skal bidra til betre bumiljø og levekår ved å foreta ei grundig tilstandsvurdering ved bustad- og miljøfornyning.
- **Investeringsstilskot til omsorgsbustadar og sjukeheimsplassar** skal stimulere kommunane til å fornye og auke butilbodet for personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester.
- **Tilskot til menneske med funksjonsnedsetting** som har behov for å bli buande heime.

3. Fjord kommune i dag og framover

3.1 Bustadmarknad og busetting


Fjord kommune er definert som ein av dei minst sentrale kommunane i landet i SSB sin sentralitetsindeks 2020, med sentralitetsklasse 6 (1 er mest og 6 er minst sentral). 24 prosent av innbyggjarane i kommunen er busett i ein tettstad(4) . Til trass for det vert store delar av kommunane opplevd som levande bygder med kort tilgang til dei mest naudsynte tenestene i dagleglivet. I tillegg er eit rikt kultur- og friluftsliv lett tilgjengeleg i nærmiljøet.

I Fjord kommune bur eit stort fleirtal av innbyggjarane i einebustadar, noko som er naturleg ut frå naturgitte tilhøve og spreidd busetnad i distriktskommunar. Det er til saman 1100 registrerte einebustadar og 38 leilegheiter i Fjord kommune i 2020. Med eit folketal på 2481 (2022) og ein befolkningstettleik på to personar pr. km² så vil det seie at vi har god plass til å bu og god plass til fleire.

Fjord kommune sine bustadfelt er i stor grad lagt til brattlendt område som ein bevisst strategi for å spare dyrkamark. Ein konsekvens av denne strategien er at mange av dei kommunale bustadtomtene er bratte og kostbare å bygge på. Når det er låge bustadprisar generelt i distriktet kan dette vere eit hinder for at innbyggjarar og innflyttarar skal gå i gong med bustadbygging i kommunen.

3.2 Utvikling i demografi

Fjord kommune har 2481 innbyggjarar (3. kvartal 2022) (4)



Statistisk sentralbyrå (5)

3.2.1 Framskrive tal innbyggjarar fordelt på aldersgrupper

	2022	2027	2032	2037	2042	2047
0-5 år	107	123	136	138	137	130
6-15 år	282	230	223	235	250	252
16-66 år	1510	1478	1405	1349	1323	1323
67 år eller eldre	592	650	703	755	778	781

3.2.2 Utvikling i tal innbyggjarar sett i høve til 2022

	2022	2027	2032	2037	2042	2047
0-5 år	0	16	29	31	30	23
6-15 år	0	-52	-59	-47	-32	-30
16-66 år	0	-32	-105	-161	-187	-187
67 år eller eldre	0	58	111	163	186	189

Befolkningsframskrivinga til SSB (hovudalternativet) for aldersgruppa 16-66 viser ein reduksjon av folketalet på 105 personar dei neste ti åra (2022-2032). På same tid vil aldersgruppa 67 og eldre auke med 111 personar. Dette er ei utvikling som vil forsterke seg i perioden etter 2032. Auke i talet på eldre vil føre til auke i alderssjukdomar som demens. Modellen estimerer at i 2050 vil 6,4 prosent av innbyggjarane i Fjord ha demens (6). Dette er ein auke med 109% prosent frå 2020. Dette vil medføre auka behov for tilpassa bustadar til denne gruppa innbyggjarar.

3.2.3 Befolkning etter grunnkrets delt opp i bustadområda Stordal/Dyrkorn, Valldal, Tafjord/Fjøra og Norddal/Eidsdal

	2017	2022	Utvikling		2017	2022	Utvikling
Dyrkorn	89	73	-16	Fjørå	148	145	-3
Stordal Sentrum	632	568	-64	Tafjord	100	87	-13
Midtbust	188	169	-19				
Moe	95	87	-8				
Totalt	1004	897	-107	Totalt	248	232	-16
	2017	2022	Utvikling		2017	2022	Utvikling
Muri	338	341	3	Dalsbygda	151	131	-20
Sylte	153	132	-21	Eide	101	86	-15
Uri	147	138	-9	Rønneberg	90	95	5
Gjerde	223	215	-8	Ytterdal	146	153	7
Alstad	64	69	5				
Totalt	925	895	-30	Totalt	488	465	-23

	2017	2022
Uoppgitt grunnkrets	1	2

Statistisk sentralbyrå (7)

4. Kommunale bustadar

Kommunane i Norge disponerer i gjennomsnitt 20 bustadar pr 1000 innbyggjarar. Fjord kommune disponerer 28 einingar pr 1000 innbyggjarar (2022). Alder på bygningsmassen er relativt høg, dei fleste einingane er over 20 år. Det har blitt gjennomført renovering ved behov. Fleire av einingane manglar universell utforming som er eit krav til bustadane.

4.1 Kommunale bustadar pr. juni 2022

	Bustadar	Bolig	Byggeår	Renovert	Type bygg	Universell utforming
1	Valldal	Leilighet 3- roms	2011	Renovert 2011	4-mannsbustad	Nei
2	Valldal	Leilighet 2- roms	1990	Renovert 2006	4-mannsbustad	Nei
3	Valldal	Leilighet 2- roms	1990	Renovert 2006	4-mannsbustad	Nei
4	Valldal	Leilighet 2- roms	1990	Renovert 2006	4-mannsbustad	Nei
5	Valldal	Leilighet 2- roms	1990	Renovert 2006	4-mannsbustad	Nei
6	Eidsdal	Leilighet 2- roms	1963	Renovert 2013	Kombinert bygg bibliotek, lager	Nei
7	Eidsdal	Hybelleilighet	1963	Renovert 2013	Kombinert bygg bibliotek, lager	Nei
8	Eidsdal	Hybelleilighet	1963	Renovert 2013	Kombinert bygg bibliotek, lager	Nei
9	Eidsdal	Leilighet 4- roms	1963	Renovert 2013	Kombinert bygg bibliotek, lager	Nei
10	Eidsdal	Leilighet 4- roms	1963	Renovert 2013	Kombinert bygg bibliotek, lager	Nei
11	Eidsdal	Biblioteket	1963		Ombygge?	
12	Stordal	Leilighet 3-roms	1958	Renovert 2015	Kombinert bygg brannstasjon	Nei
13	Stordal	Leilighet 3-roms	1990	Fleire omgangar	Kombinert bygg Legekantor/helse	Nei
14	Stordal	Leilighet 3-roms	1990	Fleire omgangar	Kombinert bygg Legekantor/helse	Nei
15	Stordal	Leilighet 2-roms	1990	Fleire omgangar	Kombinert bygg Legekantor/helse	Nei
16	Omsbustad (leilighet, Eidsdal	Leilighet 2-roms?	1995		2-mannsbustad	Ja
17		Leilighet 2-roms?	1995		2-mannsbustad	Ja
18	Omsorgsbustadar, Stordal	Leilighet 3-roms	1990		2-mannsbustad	Ja
19		Leilighet 3-roms	1990		2-mannsbustad	Ja
20		Leilighet 3-roms	1990		2-mannsbustad	Ja
21		Leilighet 3-roms	1990		2-mannsbustad	Ja
22		Leilighet 3-roms	1990		2-mannsbustad	Ja
23		Leilighet 3-roms	1990		2-mannsbustad	Ja
24		Leilighet 3-roms	1997		2-mannsbustad	Ja
25		Leilighet 3-roms	1997		2-mannsbustad	Ja
26		Leilighet 3-roms	1997		2-mannsbustad	Ja
27		Leilighet 3-roms	1997		2-mannsbustad	Ja
28	Valldal	Leilighet 2-roms	1991		4-mannsbustad	Ja
29		Leilighet 2-roms	1991		4-mannsbustad	Ja
30		Leilighet 2-roms	1991		4-mannsbustad	Ja
		Personalbase	1991	Kan ombyggast		
31		Leilighet 2-roms	1991		4-mannsbustad	Ja
32	Omsorgsbustad, Valldal	Leilighet 2-roms	2001		Leilighetsbygg	Ja
33		Leilighet 2-roms	2001		Leilighetsbygg	Ja
34		Leilighet 2-roms	2001		Leilighetsbygg	Ja
35		Leilighet 2-roms	2001		Leilighetsbygg	Ja
36		Leilighet 2-roms	2001		Leilighetsbygg	Ja
37		Leilighet 2-roms	2001		Leilighetsbygg	Ja
38		Leilighet 2-roms	2001		Leilighetsbygg	Ja
39		Leilighet 2-roms	2001		Leilighetsbygg	Ja
40		Leilighet 3-roms	2001		Leilighetsbygg	Ja
41		Leilighet 3-roms	2001	Personalbase	Leilighetsbygg	Ja
42	Omsorgsbustad, Valldal	Leilighet 2-roms	1994		Rekkehus	Ja
43		Leilighet 2-roms	1994		Rekkehus	Ja
44		Leilighet 2-roms	1994		Rekkehus	Ja

4.2 Bemanna omsorgsbustadar

Eining	Bustadar
Valldal omsorgsbustad	12
Eidsdal omsorgsbustad	12
Habiliteringssenteret Stordal	4

Dette er bustadar med bemanning heile eller delar av døgnet.

Husbanken sin bustadsosiale monitor viser at Fjord kommune har under ti barn i hushald som er leigetakarar og bur trongt. Det er 45 barn i hushald med låg inntekt (tal frå 2021) (8) . Dette er ei gruppe som kan ha utfordringar med å skaffe seg eigen bustad.

Fjord kommune har 14 personar med nedsett funksjonsevne som bur saman med foreldre. Valfridom til å bestemme sjølv i eige liv er grunnleggjande verdiar. Personar med nedsett funksjonsevne skal på lik linje med andre kunne velje kvar og korleis dei bur. Dette er nedfelt i artikkel 19 i FN-konvensjonen og uttalt som eit prioritert politisk mål i nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken. Om vi ser på statistikk for heile landet så har 25 prosent av personane i denne gruppa eigen bustad, medan talet for resten av befolkninga er 80 prosent. Fleire av desse ønskjer eigen bustad og det er eit mål at fleire skal få det.

5. Handlingsprogram for planperioden

Fjord kommune må etablere ein organisatorisk struktur som har ansvaret for det bustadsosiale arbeidet i kommunen. Her bør det vere representantar frå dei ulike instansane som er involvert i dette arbeidet. Dette bør organiserast som ei tverrfagleg gruppe som møtest for å drøfte tiltak og tildeling ved behov.

Kunnskap og kompetanse om bustadsosialt arbeid må aukast. Det bør gjennomførast opplæring for administrasjonen og politikarar i kommunen. Kommunen bør ha ein rettleiar som gir råd til innbyggjarane om korleis dei skal gå fram for å få hjelp når dei har behov.

Det bør etablerast ein avlastningsbustad for barn i planperioden. Bustaden er tenkt som eit bemanna avlastningstilbod for familiar med barn med store omsorgsbehov.

Dei kommunale bustadane til Fjord kommune har forholdsvis høg alder. Ein del stettar ikkje krav til universell utforming. Einingane stettar heller ikkje dagens krav til energieffektivitet. Oppgradering eller nybygg for betre energieffektivitet vil vere i tråd med tiltaka i Energi og klimaplan for Fjord kommune. I planperioden bør ein ha skifta ut/oppgradert minst ti einingar.

Handlingsprogram bustadsosial plan Fjord kommune

Hovudmål	Tiltak	Ansvar	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Fleire skal eige eigen bustad. Ingen skal vere bustadlause	Vidareutvikle bruken av Startlån. Auke ramme for utlån. Barnefamiliar har prioritet.	Kommunedirektør	X									
Barn og unge skal ha gode butilhøve	Kartlegging av bustadstatus hos personar i målgruppa. Tverrfagleg samarbeid: Brukarorganisasjonar, Helse, ROP (rus og psykiatri), NAV, mm	Helse omsorg og velferd	X	X								
Leige skal vere eit trygt alternativ	Kommunen kan ta initiativ til etablering av eigedomsselskap som skal utvikle nye bustadprosjekt, i samarbeid med næringslivet.	Næring		X	X	X	X	X	X	X	X	
Personar med nedsett funksjonsevne skal kunne velje kvar dei skal bu	Kartleggje behov for bustadar til personar med nedsett funksjonsevne i planperioden. Informere om Husbankordningar som gjer det mogleg for personar å skaffe seg eigen bustad.	Helse omsorg og velferd, brukarorganisasjonar	X	X								
	Etablere funksjon som kan gi rettleiing til vanskelegstilte i bustadmarknaden	Kommunaldirektør	X	X	X	X						
	Etablere nye bustadar som er tilpassa behovet til personar med ROP (rus og psykiatri)-lidingar	Helse omsorg og velferd				X	X	X				
Kompetanse	Årleg felles fagdag om bustadsosialt arbeid	Kommunedirektør	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X
	Politikk og administrasjon skal ha orientering om Husbanken sine ordningar	Administrasjon/Husbanken	X									
Kommunale husvære skal vere universelt utforma	Oppgradere, selje og bygge nytt	Kommunedirektør		X	X	X	X					
Avlastningsbustad for barn	Etablere tilbod	Helse omsorg og velferd		X								

6. Rullering

Planen skal reviderast ved behov, minimum kvart fjerde år.

Handlingsplanen skal rullerast årleg i samband med budsjettbehandlinga.

7. Kjelder

1. Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet [Internett]. LOV-2022-12-20-121. Tilgjengeleg på: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2022-12-20-121>
2. Bolig for velferd [Internett]. Kommunal- og moderniseringsdepartementet; 2014 [sitert 10. oktober 2022]. Tilgjengeleg på: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/boby/nasjonal_strategi_boligsosialt_arbeid.pdf
3. Kommuneplanen - Fjord kommune [Internett]. [sitert 10. oktober 2023]. Tilgjengeleg på: <https://www.fjord.kommune.no/tenester/teknisk-plan-og-byggesak/planar-og-reglement/kommuneplan/>
4. Statistisk sentralbyrå, Kommunefakta [Internett]. 2022. Tilgjengeleg på: <https://www.ssb.no/kommunefakta/fjord>
5. 13600: Framskrive folkemengd 1. januar, etter kjønn og alder, i 9 alternativ (K) 2022 - 2050-PX-Web SSB [Internett]. SSB. [sitert 23. januar 2023]. Tilgjengeleg på: <https://www.ssb.no/system/>
6. Demenskartet.no [Internett]. 2022. Tilgjengeleg på: <https://demenskartet.no/#1578>
7. Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken. Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken, 04317: Grunnkretsens befolkning (G) 1999 - 2022 [Internett]. 2022 [sitert 10. oktober 2022]. Tilgjengeleg på: <https://www.ssb.no/statbank/table/04317/>
8. Fjord - Barn og unges boforhold - Boligsosial monitor [Internett]. [sitert 23. januar 2023]. Tilgjengeligg på: <https://boligsosial-monitor.husbanken.no/region/1578/indikator/1/barn-og-unges-boforhold-?indikator=1&indikator=11&indikator=12&indikator=13&datatype=Vis%20antall>